



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

12.03.2024

Vår ref:

2022/1931

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Vi startar opp med frivillig skogvern i Eimhjellen i Gloppen kommune

Etter dialog med grunneigarane og AT Skog melder vi formell oppstart av skogvernprosess på Eimhjellen i Gloppen kommune i Vestland. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar. Frist for innspel er 15. april 2024.

Tilbodsområdet vi set i gang verneprosess på gjeld gards- og bruksnummer 24/1, 24/2, 24/3, 24/4, 24/5, 24/6, 24/7, 24/8, 2411, 24/12, 24/14 og 24/15 i Gloppen kommune. Arealet er eigd av private grunneigarar. Det kan kome endringar i arealet i løpet av verneprosessen.

Eimhjellen er blant dei områda i fylket og i landet med høgast verdisetting (seks stjerner på ein skala frå ein til seks) etter gamal kartleggingsmetodikk i skogvernet. Seks stjerner indikerer at området har i overkant av nasjonal verdi og er svært viktig. Vi melder med dette oppstart av verneprosess på eit areal med storleik på 6072 dekar. Av dette er kring 5223 dekar skogdekt, og om lag 4511 dekar er produktiv skog.

### Kartlegging

Feltarbeidet ble gjennomført av Geir Gaarder, Helge Fjelstad og Ulrike Hanssen i samband med prosjekt Kystfuruskog i 2015. Kartlegginga var utført på oppdrag frå Miljødirektoratet, les meir ved å følgje [denne lenkja](#). Området har vore undersøkt fleire ganger. Vi har vurdert at det ikkje var naudsynt med nye kartleggingar etter å ha motteke tilbodet om areal til skogvern fordi vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget er godt. Nye artar er oppdagata for vitskapen i dette området, som til dømes nippdraugmosen (EN, sterkt truga på den norske raudlista), som vart oppdagata og skildra første gang her av E. Jørgensen i 1902. Huldrestry (i same nabolag, i Brandatjørna naturreservat) vart oppdagata ny for Vestlandet av Kavli i 1970.

### Verneverdiar

Tilbodsområdet Eimhjellen er lokalisert i ei nordvendt li som strekk seg frå Kroksadvatnet over Lonene og langs Storfjorden/Endestadvatnet i det sørvestlege hjørnet av Gloppen kommune. Det er eit stort og samanhengande areal i sør boreal og mellomboreal sone, plassert i sterk oseanisk



seksjon. Berggrunnen består av næringsrike berg som metasandstein og glimmerskifer, og eit belte av fylitt. Området er eksponert for vind og vêr, og det renner fleire bekker og elver i lisida. Eimhjellen dekker god variasjon skog med både furu, boreal lauvskog som bjørk og osp, samt varmekjære treslag som eik og alm med god aldersvariasjon. Gjennomgåande har området fleirsjikta eldre skog, det er stadvis storvaksen og grov skog, samt område med gadd og lægder. Området er i stor grad urørt. Sjølv om det er fattig furuskog som dominerer er det også lauvskog, med både boreal utforming og enkelte bestandar av varmekjære treslag av eik og alm, særleg i austre delar av kartleggingsområdet. Eimhjellen dekker både raudlista artar og raudlista naturtypar. Det er store areal av boreal regnskog med furu, samt fattig boreonemoral regnskog i dei nedre delar av lisidene. Også rik og gamal edellauvskog er registrert innanfor oppstartsarealet som t.d. gamal almeskog. Innanfor tilbodsområdet er det registrert 13 ulike raudlista artar, mellom andre nipdraugmose (EN) og kystkantlav (EN). Nipdraugmose ([du kan lese meir ved å følge denne lenka](#)) har både nasjonal og internasjonal interesse, og andre artar er regionalt sjeldne. Det er eit klart potensial for å finne fleire krevjande og raudlista artar.

Med bakgrunn i mangelanalyser i skogvernet skårar Eimhjellen høgt på dekning av regnskogsmiljø, i tillegg til at området inkluderer andre kvalitetar knytt til kystnære skogmiljø og edellauvskog. Området dekker også manglar i skogvernet ved at over halve arealet har høg eller særhøg bonitet. Eimhjellen er samanhengande, lågtliggjande og stort. Området er del av eit større areal som også går inn i Kinn kommune som vart vurdert som eit seks-stjerners område i kystfuruskogskartlegginga i 2015. Vi vurderer området til å vere nasjonalt svært verdifullt og viktig å prioritere til vern.



Figur 1 Nordvendt berg i tilbodsområdet som vi no startar verneprosess på i Eimhjellen i Gloppen kommune. Her veks den sterkt truga nipdraugmosen, som berre finst i Gloppen (ei i Bremanger) i Skottland og i Himalaya. Foto: Kristian Hassel, NTNU Vitenskapsmuseet.

For å få oversikt over registrerte artar, sjå rapporten frå skoganalyse på våre heimesider.



## Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland

Det er ei nasjonal målsetjing om redusere tapet av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med litt over 3 prosent av skogen i fylket verna til, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Med eit vern av Eimhjellen som naturreservat vil ein komme litt nærmare målet om å ta betre vare på sjeldne og truga artar og naturtypar i fylket.

## Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne Eimhjellen som naturreservat. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Grunneigar vil ha rett til jakt og fangst, og ålmenta vil kunne nytte området til friluftsliv, plukke matsopp og bær. Kulturminne kan bli restaurert og ivaretakne i samråd med kulturminnemynde. Delar av området er i bruk som beiteområde for storfe i dag, det kan også vere hest på beite, og det er hjort i området. I løpet av verneprosessen vil vi, i vernekartet, legge inn markerte stiar som er i bruk til friluftsliv.

## Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og ulike tema kan bli så opplyst som mogleg. Når innspel til denne oppstartsmeldinga er vurdert, vil vi sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring.

Send innspel til oppstartsmeldinga som brev til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [sfvp@statsforvaltaren.no](mailto:sfvlp@statsforvaltaren.no) innan **15. april 2024**.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensning og verneforskrift finn du på nettstaden vår ved å følgje [denne lenkja til Statsforvaltaren i Vestland](#) under tema Høyringar. Vi har også ei eiga temaside om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.

Dette brevet er sendt ut til alle grunneigarar og rettshavarar innanfor det aktuelle området, samt lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet. Vi ber om tilbakemelding på eventuelle manglar i adresselista til sakshandsamar på e-post [maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no](mailto:maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no)

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar, naturmangfald

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Frivillig vern, utkast til vernekart, Eimhjellen
- 2 Utkast til verneforskrift Eimhjellen naturreservat, Gloppen



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Majorstua		
Vest politidistrikt	Postboks 56	7701	STEINKJER
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 85	6901	FLORØ
Vestland fylkeskommune	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Luftfartstilsynet	Postboks 7900	5020	BERGEN
Forsvarsbygg	Postboks 243	8001	BODØ
Avinor	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NTNU	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 7030	5020	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Postboks 115	1431	ÅS
Det norske skogselskap	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Torgarden		
Natur og ungdom	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Dykkeforbund	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Sør-Norges Fiskarlag	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
	Postboks 94	1378	NESBRU



Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitoligisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN



Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
HYEN BONDELAG		6829	HYEN
HYEN IDRETTSLAG	c/o Hanna Ommedal Aa Straumsholmen 22	6829	HYEN
HYEN JEGER OG FISKARLAG	v/ Geir Kjetil Aa Hope	6829	HYEN
HYEN RØDE KORS HJELPEKORPS	Ola Henning Ommedal	6829	HYEN
EIMHJELLEN BEITELAG	Eimhjellen	6829	HYEN
EIMHJELLEN GRENDALAG	v/Narve Eimhjellen Eimhjellen	6829	HYEN
GLOPPEN BONDELAG		6823	SANDANE